

Utval: Ungdommens fylkesutval
Møtestad: Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset
Dato: 05.02.2014
Tidspunkt: 16:00-20:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gard Johanson	NESTL	
Cecilie Engen Fredheim	MEDL	
Benedicte Hellestveit	MEDL	
Lars Helle Fauske	MEDL	
Hedda Emilie Hidle	MEDL	
Vegard Kleppe	MEDL	
Agnes H. Bernes	LEIAR	
Miriam Louise Seim		Avtroppande UFU
Erlend Risvand Mo		Leiar Desisjonskomiteen
Maria Vatnøy		Avtroppande Desisjonskomiteen

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Emma Franck-Gwinnell		
Stine Hegdal		
Thomas Frotjold Valdersnes		
Olve Akselsen		

Merknader**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådsgjevar
Karen Louise Nybø	Seniorrådgjevar, Regionalavdelinga
Per Nordmark	Seniorrådgjevar, Regionalavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 8/14	Godkjenning av innkalling		
PS 9/14	Godkjenning av sakliste		
PS 10/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 11/14	Ymse		
PS 12/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 2/14	Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale	2014/1328	
PS 13/14	Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval 2014	2014/560	
PS 14/14	Møteplan 2014 for Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 15/14	Førebuing dialogdag 18.02.2014	2014/560	

PS 1/14 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Vedtak

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 2/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Saksnummera på sakane stemte ikkje med nummera på saklista. Dette vil verte ordna til neste møte.

Vedtak

Saklista vart godkjent med slik merknad:

Saksnummera på sakane stemte ikkje med nummera på saklista. Dette vil verte ordna til neste møte.

PS 3/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Vedtak

Møtebok frå 29. november 2013 vart godkjent utan merknader.

PS 4/14 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Karen Louise Nybø, Regionalavdelinga, møtte på møtet for å informere om rullering av Klimaplanen og ønsket om å bruke bildar av medlemar frå Ungdommens fylkesutval i det nye programmet.

Per Nordmark, Regionalavdelinga, orienterte om senterstrukturplanen, framgang i planen og om korleis Ungdommens fylkesting har svart på spørjeskjemaet som vart delt ut.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval tek informasjonen til etterretning.

PS 5/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Ungdommens fylkesutval diskuterte om dei skulle stille seg bak reklamefinansiert kollektivtransport. Gard Johanson sette fram slikt forslag:

Ungdommens fylkesutval stillar seg positiv til reklamefinansiert kollektivtransport.

Røysting

Johanson sitt forslag fall mot 1 røyst. 2 røysta ikkje.

Ungdommens fylkesutval diskuterte vidare kva innspel dei ønskja å vidareformidle til samferdselsavdelinga. Føljande innspel kom fram frå diskusjonen:

- Reklamen bør ikkje promotere slanking og anna negativt kroppspress og bør ikkje vere direkte retta mot ungdom. Den kan gjerne promotere sunne og positive ungdomstilbod som kino, kulturtilbod, osv.
- Ungdommens fylkesutval ønskjer avgrensa tal frittstående modular.
- Ved ledig annonseplass skal ein ta omsyn til ungdomskultur.
- Ein fryktar fokus på bykjernen når det er ein bedrift utanfor Hordaland fylkeskommune som skal ta seg av vedlikehald av haldeplassane.
- Dei frigjorte midlane frå vedlikehald burde verte brukt til å tilpasse kollektivtransport til skule og fritidsaktivitetar.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval stillar seg positiv til reklamefinansiert kollektivtransport.

Leiar og nestleiar, saman med dei som er ansvarleg for samferdsel, får fullmakt til å skrive ein uttale på vegne av Ungdommens fylkesutval der slike punkt skal vere med:

- Reklamen bør ikkje promotere slanking og anna negativt kroppspress og bør ikkje vere direkte retta mot ungdom. Den kan gjerne promotere sunne og positive ungdomstilbod som kino, kulturtilbod, osv.

- Ungdommens fylkesutval ønskjer avgrensa tal frittstående modular.
- Ved ledig annonseplass skal ein ta omsyn til ungdomskultur.
- Ein fryktar fokus på bykjernen når det er ein bedrift utanfor Hordaland fylkeskommune som skal ta seg av vedlikehald av haldeplassane.
- Dei frigjorte midlane frå vedlikehald burde verte brukt til å tilpasse kollektivtransport til skule og fritidsaktivitetar.

RS 1/14 Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale

PS 6/14 Møteplan 2014 for Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplan for rådet.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplan for rådet

Vedtak

Ungdommens fylkesutval skal ha møter fordelt på onsdagar og fredagar. Møtet i mai vert flytta til etter den 23. mai, da russetid og eksamenstid skal vere ferdig. Administrasjonen set opp ei møteplan basert på nemnte endringar.

Ungdommens fylkesutval ønskjer å ha eit helgemøte så snart som mogleg. Gard Johanson sin hytte på Mjølfjell er tilgjengeleg. Leiar og nestleiar legg fram aktuell datoar på facebook og alle gjer tilbakemelding om kva helg som passar best. Den med flest røystar vert vald.

PS 7/14 Førebuing dialogdag 18.02.2014

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval delar seg slik:

- Opplæring- og helse:
- Kultur- og ressurs:
- Samferdsel:
- Eigen organisasjon:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Slikt forslag vart fremja for Ungdommens fylkesutval:

Ungdommens fylkesutval består av sju faste medlemar og fem varamedlemar. Praksis har vore at varamedlemar vert invitert til alle utvalsmøter og at kvart medlem med eit varamedlem er ansvarleg for eit satsingsområde kvar.

Ansvarsfordeling i Ungdommens fylkesutval:

Leiar og nestleiar:

- Høgste mynde i UFU
- Budsjett og rekneskap
- Dynamikken i utvalet
- Delegere ansvar
- Sørge for framgang i arbeidet
- Møteleiing
- Representasjon
- Sakar utanfor eller overordna dei andre områda
- Avgjerd mellom møter som ikkje er av stor økonomisk eller prinsipielt betydning
- Saksliste og agenda
- Kontakt med politisk kontaktperson i HFK

Leiar for dei fire områda:

- Kontaktperson på sitt område
- Halde kontakta med utvalsleiar
- Sørge for at sakar, planar og førespurnader innanfor sitt område vert handsama innanfor dei fristar som er satt.
- Halde seg oppdatert innanfor sitt område
- Delegere ansvar for området sitt
- Sørge for at utvalet er informert om det som skjer på området
- Fremje aktuelle sakar for politikarar i sitt utval
- Skrive sakar til hjemmesida
- Ha kontakt med medlem og varamedlem som på sitt område

Medlemar og varamedlemar i utvalet:

- Kome førebudd til møta
- Bidra til arbeidet, særleg på eget område
- Halde seg oppdatert på eige område og på ungdomspolitikkk generelt.

Det nye styringsdokumentet i 2014 legg til grunn ein oppdeling på fire områdar; Opplæring- og helse, Kultur- og ressurs. Samferdsel og Eigen organisasjon. Områdene er vald på bakgrunn av dei tre politiske utvala i HFK, samt at det er naudsynt med eit fokus på Eigen organisasjon.

UFU er delt inn i dei same områdene:

Opplæring- og helse: eit medlemmar og to varamedlem

Kultur- og ressurs: eit medlem og eit varamedlem

Samferdsel: eit medlem og eit varamedlem

Eigen organisasjon: to medlem og eit varamedlem

Eit av medlemmane på kvart område vart vald som «leiar» for det området.

Ansvarsområda for «leiar» kan ein sjå over.

Dette betyr at dersom det kjem ein sak til UFU angående Tannhelse så vert den sendt vidare til leiar for Opplæring- og helse, dei medlemmane som er ansvarleg for området, samt kopi til leiar og nestleiar. Leiar for Opplæring- og helse konfererer med si gruppe og delegerer ansvar for å skrive ein uttale, svar, osv til rette vedkommande. Det endelege utkastet til uttale vert tatt opp på neste UFU-møte, eller sendt ut på mail for tilbakemeldingar. Det betyr at det medlem som er ansvarleg for Kultur- og ressurs ikkje treng å tenkje på saka før den kjem som eit ferdig utkast til uttale

Dialogdagen er delt opp i dei ulike områdene og kvart område vil møte politikarar og administrasjon. Ungdommens fylkesutval skal gjere sitt beste for å forstå prosessane, få kontakt med aktuelle nøkkelpersonar og få klarheit i korleis dei på best mogleg måte skal kunne jobbe med Ungdommens planprogram 2014.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vart samrøystes einige om å følgje strukturen slik den er føreslått.

Ungdommens fylkesutval delar seg slik:

- Opplæring- og helse: Vegard Kleppe*, Emma Franck-Gwinnell og Endre Hagen
- Kultur- og ressurs: Hedda Hidle* og Stine Hegdal
- Samferdsel: Lars Helle Fauske* og Olve Akselsen
- Eigen organisasjon: Cecilie Fredheim*, Benedicte Hellestveit og Thomas Valdernesnes

*desse er leiarane på dei respektive områdene.

PS 8/14 Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval 2014

Eit nytt Ungdommens fylkesutval vart vald på Ungdommens fylkesting den 26.01.2014. Det nye UFU må derfor konstituere seg og få overlevert ansvaret frå det gamle UFU. Det er og ein sjanse for det gamle UFU å kome med aktuell informasjon og såleis overføre kunnskapen, men det er og ein sjanse for det nye UFU å spørje om det som verkar uklart.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vert konstituert på følgjande måte:

- Leiar:
- Nestleiar:
- Medlemar:
- Varamedlemar:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 05.02.2014

Miriam Louise Seim, som einaste representant frå avtroppande Ungdommens fylkesutval, gav ansvaret vidare til Agnes H. Bernes, ny leiar i Ungdommens fylkesutval.

Vedtak

Nytt Ungdommens fylkesutval vart konstituert.